

Handlingsplan 2026 – 2027

Fagforbundet 220 Årdal

Vedteken av årsmøtet 16.01.2026



Innleiing

Fagforbundet skal være ein handlekraftig arbeidstakarorganisasjon der medlemmane utgjer styrken i organisasjonen. Fagforbundet skal være ein ledande samfunnsaktør som medlemmar ser nytten av, og som potensielle medlemmar ynskjer å bli ein del av. Fagforbundet skal være den foretrukne samarbeidspart for arbeidsgivare, utdanningsinstitusjonar, politikarar og media. Dette kan i korte trekk oppsummeras i tariffmakt, yrkespolitisk makt, og politisk makt.

Handlingsplanen skal skildre Fagforbundet Årdal sine målsettjingar for perioden 2026-2027. Dette gir eit handlingsrom på to år for å realisere måla, noko som gir meir langsiktig perspektiv i planlegginga og påverkar kva mål som skal setjast. Planen må sjåast i samanheng med budsjettvedtaka.

Handlingsplanen er årsmøtet sitt oppdrag til styret for komande periode, og byggjer på Fagforbundet sitt Prinsipp- og Handlingsprogram, Organisasjonsprogrammet, Strategiplanen for 2026–2027, samt andre vedtak fatta i overordna organ.

Handlingsplanen er styret sitt styringsverktøy, og skal mellom anna bidra til at fagforeininga lukkast med å nå sine mål. Måla i handlingsplanen er formulerte slik at det skal vere mogleg å måle om dei vedtekne målsetjingane er nådde. Måloppnåinga i handlingsplanen føreset at fagforeininga gjennomfører aktivitet i tråd med vedtak fatta på overordna nivå.

Handlingsplanen danner grunnlaget for styret si utarbeiding av strategiar og tiltak i perioden.

Kostnadene som følgjer av handlingsplanen vert konkretiserte i styret sitt budsjett.

Styret vil etter årsmøtemøtet arbeide vidare med planen og sette den opp i ein tiltaksplan for å nå måla.

Fagforeningens nåsituasjon og utfordringar (jfr. Organisasjonsprogrammet vedteken av landsmøtet 2025)

Område	Nåsituasjon	Utfordringar kort sikt	Utfordringar lang sikt
Medlemmar utanfor KS	Lite medlemmar utanfor KS området	Bli kjende med kva områder vi kan organisere i. Verve.	Følgje opp dei medlemmane på ein god måte.
Medlemmar innanfor KS	Behov for å auke tariffmakta Beholde medlemmar	Verve inn alle ny tilsette	Få verva inn fleire frå profesjonane. Fleire går over til profesjonsforbund.
Styret	Eit fagforeiningsstyre som trengst å styrkast Fleire i styret manglar grunnopplæringa.	Auke kompetanse til styret. Jobbe godt fagpolitisk. At alle i styret har minimum grunnopplæringa trinn 1-3.	Auke kompetansen til styret. Eit styre som jobbar godt fagpolitisk og får fulgt opp oppgåvene sine på ein god måte.
HTV	Står i mykje krevjande situasjonar.	Auke kompetansen	Auke kompetansen
Tillitsvalte	Trengst å settast godt inn i rolla som tillitsvalt. Sikre at alle har grunnopplæring.	Auke kompetansen Sikre at alle får opplæring i trinn 1-3	Auke kompetansen Fleire tillitsvalte har opplæring i trinn 4-5.
Politisk	Ikkje formell samarbeidsavtale	Få laga samarbeidsavtale	Få til eit godt samarbeid Ha faste samarbeidsmøter. Arbeide for representantar inn mot utval, formannskap og kommunestyre.

Strategiplan 2026-2027

Strategiplanen er landsstyret si prioritering av arbeidet i heile organisasjonen, og gir retning for Fagforbundets innsats i perioden 2026 – 2027.

I Strategiplanen for 2026 – 2027 er følgjande seks områder prioritert:

- Tariffmakt og organisasjonsbygging
- Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar
- Gode offentlege tenester med egne tilsette
- Eit trygt og inkluderande arbeidsliv
- Alliansebygging, myndigheitskontakt og faglegpolitisk påverknad
- Digitalisering

Handlingsplan/

1. Tariffmakt og organisasjonsbygging

Nasjonale mål 2026 – 2027:

- Auke organisasjonsgraden i kommunal sektor og i Spekter helse
- Auke talet på yrkesaktive medlemmar med 1,5 prosent årleg
- Auke tillitsvalddekninga innan private områder

Strategiar 2026 – 2027:

- Bygge velfungerande klubbar, med godt skolerte tillitsvalde
- Prioritere verveinnsatsen der den gir størst effekt, som i kommunal sektor og i Spekter helse
- Sørge for at rekruttering av nye medlemmar skjer hovudsakleg på arbeidsplassen
- Tett oppfølging av unge medlemmar i overgangen frå elev/student/lærling til yrkesaktivt medlem
- Fagforbundet skal vere synleg gjennom heile utdanningsløpet

Fagforbundet Årdal sine målsettingar:

- Få oversikt over vervepotensial på dei ulike områda for medlemsvekst.
- Få oversikt over områder utanfor KS og verve medlemmar der.
- Sørge for at vi har plasstillitsvalte på alle arbeidsplassar der medlemsmassen er stor nok

- Skulere tillitsvalte slik at dei har kunnskap til å utføre vervet sitt.
- Sørge for at alle tillitsvalte har Fagforbundet si grunnopplæring
- Ha fokus på verving og tariffmakt på tillitsvalt samlingar
- Tettare oppfølging av lærlingar og studentar
- Vere synleg ved å ha arbeidsplassbesøk.
- Ha fokus på synlegheit gjennom informasjon til medlemmane via facebook, mail og sms.
- Sørge for at tillitsvalte og styret benyttar seg av Fagforbundet sine digitale plattformer.

2. Heiltid, likelønn og kampen for mindre forskjellar

Nasjonale mål 2026 – 2027:

- Fleire arbeidsgivarar, spesielt innan helse og omsorg, har starta arbeidet med å etablere ein heiltidskultur
- Redusere bruken av deltid og sørgje for at fleire av Fagforbundets medlemmar har heile, faste stillingar
- Redusere lønsskilnader gjennom å løfte heile laget
- Forbetre og tryggje pensjonsrettane til medlemmane

Strategiar 2026 – 2027

- Bruke partssamarbeidet for å få til fleire heile stillingar
- Vidareføre og forsterke arbeidet med å fjerne kjønnsbaserte lønsskilnader
- Tariffeste kjønnsnøytrale og livsvarige pensjonsordningar i privat sektor

Fagforbundet Årdal sine målsettingar:

- Ha fokus på heiltidskultur. Jobbe for at stillingar blir lyst ut som 100% stillingar
- Sørge for at det blir gjennomført drøftingsmøter kring bruk av deltid og midlertidige tilsettingar minst ein gong i året i KS området.
- Sørge for at det blir fremma krav etter AML §14 for alle som har rett til fast stilling.
- Forbereding til lønnsforhandlingar med mål om å oppnå likelønn og utjevne lønnsforskjellar.
- Sørge for at det og skal vere plass til dei i arbeidslivet som ikkje kan jobbe i 100% stilling
- Arbeide for at alle tilsette har det utstyret dei har behov for i arbeidskvardagen.
- Arbeide for at det skal lønne seg å arbeide meir ubekvemt.

3. Eit trygt og inkluderande arbeidsliv

Nasjonale mål 2026 – 2027:

- Sjukelønnsordninga står sterkt i perioden
- Utviklinga i arbeidstid går i ei helsefremjande retning og støttar opp om eit godt arbeidsmiljø
- Endre rettsutviklinga som har etablert seg, der tilsette med redusert arbeidsevne som ikkje kan fylle si 100 % stilling, kan seiast opp
- Sikre yrkesskadedekning i alle våre tariffområder
- Det er forhandla fram ny IA-avtale i alle våre tariffområder, og Fagforbundet sine viktigaste sakar er tekne vare på

Strategiar 2026 – 2027

- Danne breie alliansar med organisasjonar og parti som støttar politikken vår
- Informere om korleis svekte vilkår for sjukeløn vil råke arbeidstakarar og samfunnet som heilskap
- Sikre medlemmane våre sjukepengar ved dokumentert sjukdom

Fagforbundet Årdal sine målsettingar:

- Jobbe for at det skal vere eit godt partsamarbeid på arbeidsplassane der arbeidsmiljø og sjukefråvær er tema.
- Jobbe for eit godt arbeidsmiljø på arbeidsplassane
- Heve kompetansen knytt til arbeidsmiljø og sjukefråvær for tillitsvalte
- Sørge for at det skal vere god innvolvering av tillitsvalte i ordningar med utvida arbeidstid
- Arbeide for arbeidstidsordningar som er helsefremmande for medlemmane
- Sørge for at det skal vere arbeidsplassar og for dei som ikkje kan stå i 100% stilling.

4. Alliansebygging, myndigheitskontakt og faglegpolitisk påverknad

Nasjonale mål 2026 – 2027:

- Fagforbundet sine medlemmar brukar stemmeretten i kommune- og fylkestingsvalet, samt kyrkjevalet i 2027
- Talet på lokale samarbeidsavtaler med politiske parti skal aukast
- Fleire læreplassar og utdanningar som er tilpasse behova i samfunnet

Strategiar 2026 – 2027:

- Fagforeiningar arbeider opp mot partia sine programprosessar
- Løfte faglegpolitiske kandidatar på partia sine nominasjonsmøte
- Byggje alliansar for å sikre størst mogleg gjennomslag for Fagforbundet sine kjernesaker
- Samarbeide med utdanningsinstitusjonar, arbeidsgivarar og politiske aktørar om gode utdanningar og rett til livslang læring

Fagforbundet Årdal sin målsetting:

- Inngå samarbeidsavtale med Arbeiderpartiet og evt andre parti som støttar vårt politiske syn
- Ha samarbeidsmøter med politikarar.
- Fagpolitisk skulering for tillitsvalte
- Bidra med fagpolitisk argumentasjon
- Innvolvering i politiske spørsmål
- Ha eit godt trepartsamarbeid
- Arbeide for at medlemmane skal ha muligheit til kompetansehevande tiltak.

5. Digitalisering**Nasjonale mål 2026 – 2027:**

- Tillitsvalde forstår digitale verktøy og er i stand til å påverke gjennom partssamarbeidet
- Tillitsvalde brukar digitale verktøy i oppfølginga av medlemmane
- Tillitsvalde og medlemmar er trygge i digitale omstillingsprosessar på arbeidsplassen

Strategiar 2026 – 2027:

- Bidra til å motverke digitalt utanforskap
- Sørge for at digitale løysingar er integrerte i partssamarbeidet
- Mållrette den digitale kompetansen hos tillitsvalde mot system som forbundet nyttar

Fagforbundet Årdal sine målsettingar:

- Sørge for at tillitsvalte får god opplæring i KL*AR
- Sørge for at ein brukar it's learning i opplæringa
- Bruke digitale plattformer som er aktivt bla org 365 og teams
- Sørge for at tillitsvalte har dei digitale løysingane og opplæring i desse hos arbeidsgivar som dei har behov for i sitt virke.

6. Lokale satsingar**Fagforbundet Årdal sine målsettingar:**

- Tilby medlemmar relevant kompetanseheving
- Vidaresende faglege tilbod som kjem.
- Jobbe for at det blir lagt til rette for kompetanseheving på arbeidsplassane med rom for å ta bla fagbrev/vidareutdanning.

- Tilby arrangement for medlemmane
- Halde styreseminar for å auke kompetansen til styret og arbeide målretta med fagforeiningsarbeid.
- Gode arbeidsmiljø på arbeidsplassane.